



# Vang kommune

ArkivSakID: 26/250  
JournalpostID: 26/7396  
ArkivID: GBNR-2/2  
Saksbehandlar: Kristian Lindseth  
Flaa


## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                    | Møtedato |
|---------|--------------------------|----------|
|         | Hovudutval for utvikling |          |

### Gnr. 2 bnr. 2 - Behandling av delingssøknad

#### Saksopplysningar:

Vang kommune har motteke søknad frå Hallgeir Opdal om frådelling av eit areal på ca 2626m<sup>2</sup> med to bygg ved Tyin, på sørsida av Tyinholmen. Formålet med frådelinga er at Øystein Opdal, eigar av nabotomt(gnr. 2 bnr. 172) og Tyinholmen(gnr. 2 bnr. 45) skal erverve arealet.



**Vurdering:**

Bygningane på tomta er "Statensbu" og "Veslebu":

"Statensbu" er på ca 20kvm og vart bygd rundt 1890 som anleggsbrakke då vegen mellom Tyinholmen og Eidsbugarden vart bygd. Den vart rusta opp i 1992 og har sidan blitt brukt som annekstil fritidsbustad på nabotomt(gnr. 2 bnr. 172).

"Veslebu" er på ca 30kvm og vart bygd rundt 1920 som betjeningbustad for det gamle Tyinholmen Hotel. Bua forfalt, men vart restaurert og bygd opp att i 2005. Planen er å gjere om bua til ein utleigedel under Tyinholmen slik formålet var ved jordskifteavgjerda i 1998(JS SAK NR: 11-1994). Arealet stod opphavleg på sameiget sin grunn(Oppdal og Skogstad sameige), men vart skilt ut til gnr. 2 bnr. 2 i 1995 som utleigehytter til Tyinholmen.

Nabotomta på gnr. 2 bnr. 172 vart skilt ut i 1999 til Øystein Aschehoug Opdal som også eig Tyinholmen Høyfjellstue(gnr. 2 bnr. 45), samt naboteigar med utleigehytter.

**Deling etter jordlova §12:**

Arealet har aldri vore del av drifta av landbrukseigedomen på garden Opdal(gnr. 2 bnr. 2) og er skilt ut frå sameige for utleigebuk gjennom Tyinholmen Høyfjellstue. Det er ikkje tillagt nokon rettar til arealet. Deling av omsøkt tomt til uendra areal- og bruksformål fører ikkje til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Kommunen kan samtykke til deling etter jordlova §12.

**Deling til uendra bruk:**

Den omsøkte tomta var tidlegare, saman med nabotomta(gnr. 2 bnr. 172) utskilt frå sameiget(gnr. 9002 bnr. 23) etter ei jordskiftesak. I avgjerda står det at formålet med delinga den gongen var å fortsette bruk av buene til utleigehytter i samband med drifta av Tyinholmen. Formålet med omsøkt deling er det samme, og den tidlegare delte parsellen vil gå tilbake ein parsell som var utskilt i 1994. Den eine bua på tomta var betjeningsbu for Tyinholmen Hotel fram til hotellet vart rive i 1959, og vil fortsette å vere i bruk for Tyinholmen Høyfjellstue. Kommunen ser det slik at frådeling kan godkjennast etter læra om frådeling til uendra bruk då buene vart oppført før arealplan for området vart vedteke, og bruken av buene er og skal forbli den same.

Det er ikkje nokon rettar som fører med delinga, og fiskeretten i Tyin er ei eiga privatrettsleg avtale mellom sameiget og Øystein Opdal. Opdal og Skogstad Sameige har rett til bruk av vegen over tomta. Det er ikkje innlagt vatn på nokon av bygningane på tomta.

Begge bygningane på tomta ligg innafor aktsomheitsområde for flom. Tyin er regulert og bygningane ligg i overkant av 3meter over HRV (høgaste regulerte vannstand). Det vil derfor ikke vere nokon fare for flom på arealet.

Etter ei samla vurdering finn kommunedirektør at vilkåra for deling er oppfylt.

**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i jordlova §12 og plan- og bygingslova §26-1 vert det gitt løyve til Hallgeir Opdal for deling av eit areal på ca 2626m<sup>2</sup> med tilhøyrande to bygg ved Tyin.

Ervervar er Øystein Aschehoug Opdal, og vilkår for deling er at arealet skal slås sammen med nabotomta(gnr. 2 bnr. 172).

Dette vedtaket kan klagast på. Ei eventuell klage må bli sendt skriftleg til Vang kommune, vere grunngjeven og underteikna.

Klagefristen er 3 veker frå vedtaket er gjort kjent for partane.

